

# BOKN BYGDABLAD

NR. 2 - MARS 1995 - ÅRG. 10

UTGJEVAR.: BOKN KOMMUNE

## OMORGANISERING I KOMMUNEN

Alt i 1993 gjorde Bokn kommunestyre vedtak om at det skulle leggjast fram ei sak om ny politisk organisasjonsplan for Bokn kommune før sommaren 1995. Formannskapet er plannemnd med rådmannen som sekretær. Eit framlegg til ny politisk organisering er nå framlagd og er sendt ut til høyring. Politisk er det sagt at det økonomiske aspektet skal tilleggjast stor vekt i arbeidet med ny organisasjonsstruktur. Den administrative organiseringa er ikkje drøfta i denne omgang, men vil koma etterpå. Det er m.a. eit mål med omorganiseringa at ein skal kunna effektivisera og rasjonalisera den politiske beslutningsprosessen kombinert med stor grad av delegasjon til administrasjonen. Ein vil såleis prøva å redusera administrasjonskostnadene, og prøva å gi innbyggjarane raskare saksbehandling, betre tenester og service. Framlegget til ny nemndstruktur byggjer på dei muleghetene som er gitt kommunane i den nye kommunelova til å organisera den kommunale verksemda ut frå

kommunane sine egne behov. Ein meiner såleis at ut frå storleiken på Bokn kommune både geografisk og i forhold til innbyggjartal, bør han kunna styrast av eit lite tal politiske utval. Dette er også det framlegget endar opp i - færre politiske utval. Kommunen har i dag kommunestyre, formannskap, hovudutval for skule/barnehage, helse/sosial, kultur, teknisk og administrasjonsutval/ arbeidsmiljøutval. Vidare kontrollutval, eldreråd, likestillingsråd, landbruksnemnd og innlands/viltnemnd. I tillegg ymse spesialstyre eller nemnder oppretta m.a. med heimel i særlover. Nemnast kan landbruksnemnd, sokneråd, fiskenemnd, friluftsnemnd, viltnemnd, innlandsfiskenemnd, likningsnemnd, overformynderi, m.v. Det nye framlegget til nemndstruktur for Bokn kommune foreslår fylgjande hovudprinsipp:

- **kommunestyre**, som skal ha 17 representantar som i dag.
- **formannskap**, med 5 representantar som i dag.
- **hovudutvala/ sektorstyra** vert avvikla. I staden vert det oppretta 2 utval som kvart skal ha 7 medlem:
- **driftsstyre** for den samla drifta av framh. s. 2

## **OMORGANISERING...framh.frå s.1**

Bokn kommune, og  
- **forvaltningsstyre og  
arealplanutval.**

Ny politisk nemndstruktur skal etter planen iverksetjast ved konstitueringa av nytt kommunestyre hausten 1995.

Den vil sjølvsagt også få konsekvenser for nåverande etatar og etatsoppbyggjing, og sikkert også for mange arbeidstakarar. Dette arbeidet vil måtta starta og bli gjennomarbeidd i tida som kjem.

## **MEIR AKTIVITET PÅ TERMINALBYGGET I ARSVÅGEN**

For kort tid sidan lyste Statens Vegvesen i Rogaland ut eit anbod på innreiing av 2. etasje av terminalbygget i Arsvågen.

Det har lenge vore arbeidd med å få til ei finansiering av innreiing av desse areala med tanke på at ein skal kunna driva det som selskaps- og møtelokale.

Bokn kommune, vegkontoret og Tungenes Ferjeterminal har ved eit samarbeid kome fram til ei fordeling av kostnadene . Areal som skal innreiast er på vel 230 m<sup>2</sup>.

Sjolv om Steinar Alvestad nå har fått sine lokale i drift i sjøhuset i Alvestadkroken, er det nok behov for lokale som kan romma større forsamlingar. Ein har også erfart at terminalbygget på Mortavika ligg godt til rette for diverse møte kor folk både frå sør og nord i Rogaland kan møtast. Dette vil også vera tilfelle i Arsvågen, kor folk frå sørfylket kan kjøra til Mortavika og ta ferja over fjorden utan bil dersom møtet kan arrangerast i Arsvågen.

### **KORT ORIENTERING FRA BOKN HØYRE**

1994 var prega av EU-debatten, hvor Bokn Høyre holdt en forholdsvis lav profil. Kommunestyregruppa har spesielt vært opptatt av å prioritere utbygginga av Bokn sjukestove foran andre byggeprosjekt i kommunen.

P.g.a. mindre overføringer fra staten og for høge driftsutgifter ble det svært stramt budsjett for 1995 og årene fremover. Bokn Høyre gikk inn for budsjettet med få unntak, og med den klare målsetting at den pågående omorganiseringen som skal gjennomføres i Bokn kommune skal medføre økonomiske besparelser.

Bokn Høyre var en av kommuneforeningene i Nord-Rogaland som har arbeidet for å få et gasskraftverk til Nord-Rogaland.

Nytt styre for 1995: Leder:	Svein Ove Alvestad	Nestleder:	Per Helge Sunde
Øk.leder:	Ingvar Alvestad	St.medl.:	Ingebjørg Larsen
St.medl:	Tore Øvrebo	Gr.leder:	Gunn Grønnestad
Varamedl:	Edgar Våge	Varamedl:	Olav G.Rossebo

## ***MINNEORD***

Jens J. Are er død, 92 år gamal. Foreldra hans var Elisabeth og Jakob Are som budde og dreiv gard på Are. Elisabeth og Jakob hadde 5 barn.

Jens overtok farsgarden på Are, og dreiv denne ved sida av all slags fiske. Han var ein ihuga arbeidskar, og dyrka opp store område på garden. Utanom dette var han flittig til å gi andre ei handsrekking når dei trong arbeidshjelp.

Jens vart gift med Kristine, f. Våga,

og dei fekk 6 barn. Av desse er 5 attlevande. Berre ei av systrene hans er attlevande.

Jens J. Are var med i banken sitt representantskap. Elles har han vore medlem både av kommunestyre og andre kommunale styre.

Jens J. Are var ein gild mann som var godt likt i bygda. Han var svært hjelpsom og dyktig i arbeidet. Han oppnådde ein høg alder.

## ***JUBILEMSFEST FOR PENSJONISTFORENINGA***

Onsdag den 22. februar feira Bokn pensjonistforening 15 års jubileum. på Boknatun. Allrommet var fint pynta og det var dekka til middag. Rundt 50 var det som var med og feira dagen.

Formannen i foreninga - Kjell Kro, bandt programmet saman. Det var andakt av Magne Nygård, og helsingar både frå kommunen, frå tidlegare formenn, sekretær og andre. Ordførar Leif Vatnaland overrekte også ei gåve frå Bokn kommune. Han viste også eit par filmopptak frå ei tilstelling for eldre tidleg på 1970-talet, og frå ein pensjonisttur. Elles vart det servert nydeleg middag med dessert, og seinare kaffi og fløytekake.

Pensjonistforeninga har godt over 50 medlemmer, og er ein fin og aktiv organisasjon. Då han var stifta for 15 år sidan, var det sagt at det viktigaste var det sosiale samværet. Slik er det også i dag, sjølv om foreninga ofte har mange andre innslag som foredrag, opplysningsverksemd, turar og andre aktivitetar.

Johan Dankel som var sosialsjef og ein av dei som var med og stifta foreninga, var gjest ved jubileet. Han helsa foreninga og gratulerte med jubileet, og konstaterte at det var både ein oppegående, aktiv og nødvendig forening som gjorde ein fin innsats for dei eldre i bygda.

# NYTT FRÅ SKULEKORPSET

## Frå årsmeldinga:

I 1994 har desse vore med i styret for Bokn skulekorps:

**Formann: Ingjerd Thuestad**

**Nestformann: Ingunn Våge**

**Sekretær: Reidun Grønnestad**

**Kasserar: Rune Vatnaland**

**Styremedlem: Per Nesvik**

**1. og 2. varamedlem: Rita Nesvik og Sølvi Tollaksen.**

Det har vor 5 styremøte. Sjølv om det til sine tider har vore litt trongt, har budsjettet halde. Med 30-års jubileum har det vore ein del utgifter.

Jardar leia korpset første halvår, frå hausten overtok Kjersti Nygaard taktstokken. Drillen vert leia av Hilde S. Sæbø etter at Lene Jensen slutta i sommar. Åsmund har overtatt notearkivet etter Knut Ivar. Elles er instruktørane Lillian, Ingrid og Marie. Tore Jamne er leiar for slagverk. Pr. 31.12 var det 7 aspirantar i slagverk. 14 i hovudkorpset, 5 drill og 6 messingaspirantar.

Koseøvingane i haust vart kombinert med juleverkstad slik at ein kunne laga til julemessa.

I 1994 har det vore 3 bingoar og ei kakeutloddning. I mai hadde korpset marsjoppvisning på hagelaget sin plantebyttedag. 17. mai var det tradisjonell feiring som vanleg. Jubileumshelg 18. og 19. juni med litt ekstra - m.a. kjøring med hest og kjerre, sal av vafler, is, brus og loddsal. På kvelden var det middag og utdeling av medaljer, gåve til

Jardar for det han hadde utretta.

Konsert på sundagen med m.a.

Kenneth Sivertsen.

Den store turen gjekk til England ved St. Hanstider, og bygdabladet har hatt fyldig referat frå denne.

I Krojen hadde korpset loddsal på torgdagen den 9. juli.

Elles har det vore to seminar våren

1994. Marsj og folkemusikk. Året

slutta med julemessa saman med

Bokn Brass og Lucia-fest den 11.

desember. Den 13. desember spela

korpset på Adventsfesten for eldre.

Nytt styre :

## Formann for 2 år:

Det har ikkje lukkast å få nokon til å stilla til formannskandidat. Difor vart Ingjerd Thuestad vald til formann fram til hausten -95. Då skal det haldast nytt ekstraordinært årsmøte og veljast formann for eitt og eit halvt år.

## 1 styremedl. for 2 år:

Attval av Per Nesvik

## 2 vararepr. for 1 år:

1. Sølvi Tollaksen

2. Elly Borgenvik

## Revisor:

Attval av Arne Hosaas

Av arrangement til våren er det bingo 29. mars, medverknad i feiringa av Frigjeringsjubileet 8.mai , 17. mai feiring og invitasjon til «Øyastevnet» på Kvitsøy 28. mai. I juni felleskonsert med Bokn Brass.



## Har me musikk av Bokn Skulekorps 17. mai ?

Dette er spørsmål eg sit igjen med etter å ha vore på årsmøte til Bokn Skulekorps.

Korpset slit for tida. Ikkje økonomisk, men med mangel på musikantar. For tida er det 13 musikantar i korpset. Mange av desse er 9.klassingar eller eldre, og kan ikkje reknast med til hausten. Plussar ein så på 2. års aspirantane, og trekkjer ifrå dei 5 på trommer vil ein frå hausten sitje igjen med 8 stk som skal fordelast på 5-6 stemmer/forskjellige instrument. Om ein i det heile får dette til å gå opp seier det seg sjølv at korpset blir svært sårbart. Er ein messingblåsar borte frå øvinga har ein ikkje korps lenger.

Kva i all verda er det som har skjedd hos oss?

Det er då ikkje så mange åra sidan korpset hadde flust opp av musikantar.

Er det borna våre som er blitt mindre musikalske?

Eller er det vi foreldre som er blitt så opptatte med vårt eige at vi ikkje tek oss tid til dei aktivitetane som borna har lyst til å vere med på?

Mange av dei som nå er foreldre har sjølv vore med i korpset. Var det så følt å vera der at dei ikkje ynskjer at borna sine skal oppleve det same?

Eg trur nok det kan vera fleire årsaker. Uansett må vi som foreldre tenkje oss om. La oss ikkje ut frå eigen egoisme overlata alt ansvaret til borna når det gjeld å velje kva dei vil vera med på i fritida. Vi ser at det trengst messingaspirantar i korpset og då må vi prøva å lokka og dra borna til å vera med der dei trengst. Vi veit at det kostar å ha borna med i korpset, både tid og pengar. Men så mykje må ein då kunne ofre på dei. Det er ikkje snakk om for alltid. For dei fleste gjeld det ein periode på 4-5-6 år. Og ein ting til: Dess fleire foreldre det er, dess lenger tid går det mellom kvar gong den enkelte må trø til!

Det kunne vore skreve side opp og side ned om dette. La det vere med dette, men hugs: Det er ennå ikkje for seint å starta som aspirant i korpset for DITT BARN!

Ref.

## Speidargruppene 1. Bokn KFUM - Bokn 1. KFUK

# Årsmelding for 1994

### **Innleing:**

Medlemstalet i 1994 var 56 fordelt på 40 speidarar, 8 rover og rangerar (ungdomar frå 15 - 20 år) og 8 vaksne leiarar. Speidargruppene har hatt eit svært aktivt år med landsleiren **Solør 94** som høgdepunkt.

### **Møter og arrangementer:**

I 1994 vart det halde **25 patruljemøter**. Frammøtet på p-møtene har vore svært god - nemlig godt over 90%. Møtene vart haldne ute i naturen eller på patruljeromma på speidarhuset.

*Sju førar-møter* og turar har me også hatt. Overskrift for møtene har vore: Planleggingshelg på Sandbekken (tur med ei overnatting), Bowling, Orientering, Sjøtur, Arbeidsmøte m/pizza, Blindebuk og Arbeid m/fornøyele og gryterett.

Tilsaman *ni troppsmøter* er gjennomførde. Overskriftene er her: Refleksløp, Basar, Gå Hognåsen, Nyte utsikt frå toppen av Austre Bokn, St.Hans-feiring i Peralia, Leirbålskveld med pannekaker og fruktsuppe, Sermonikveld i Klepp (med Tysværspeidarane som gjester), Opptaksfest, Juleavslutning m/graut og mimring frå landsleiren. Frammøte på troppsmøtene har lege på ca. 90%.

Speidarane har dessutan vore på *tre helgeturar*. Det var til Rønningen i Tysvær frå 25. - 26. mars, til Vågholmen frå 3. - 5. juni og til Vigdarheim frå 7. - 9. oktober.

Endelig var me på *landsleir Solør 94* frå 30. juli - 6. august. 48 frå Bokn deltok på landsleiren. Dette var ca. 6,5% av kommunen sine innbyggjarar, og det var ingen bedre.

### **Diverse prosjekter:**

*Strandrydding*: Dei fleste patruljene var som vanleg kvar vår, ute og rydda i vika si.

*Rydding 17. mai*: Tradisjon har det og vorte på å rydda rundt skulen etter 17.mai-feiringa.

*Operasjon skjellsand*: I april hadd me eit stort prosjekt som gjekk ut på å fylla skjellsand i sekker og køyra rundt å selja. 340 sekker med ca. 40 kg i kvar vart selde for 15 kroner pr stk. Dette gav eit fint bidrag til Solør-bilett-en.

*17. maisalget*: Dessutan hadde speidarane ansvaret for koisk-salget 17. mai. Der var det og nokre kroner å tena.

### **Arbeid med huset:**

I huset foregjekk det og store ting. På loftet vart det sett inn takglas, lagt golv med belegg, og dessutan pussa opp og sett i stand. Og tenk, nå skal me og snart få rennande vatn.

Slangen er i ferd med å krypa oppover jordene hans Trond, og snart er den i mål. Ellers vart det mala og pussa opp i alle gangar, og i kjellaren vart det laga hyller for utstyret. Ja, mykje godt arbeid er gjordt, og me er svært nøgde med resultatet.

### **Takk:**

Tilslutt ein stor takk til alle som har støtta oss materielt og ikkje minst i forbøn.

## **REIS- OG OPPHALDSUTGIFTER I SAMANHENG MED UNDERSØKING OG BEHANDLING (1995).**

Folketrygda dekker vanlegvis reiseutgifter i samanheng med undersøking og behandling hos lege, på sjukehus eller annan helseinstitusjon. Føresetnaden er at behandlinga blir dekkast av folketrygda. Reisegodtgjersle dekkast som regel ved transport på billigaste måte.

Det blir trukket ein eigendel på inntil kr. 90,- tur/retur som skal førast inn på eigendelskortet ditt.

Utgiftstaket for eigendelar er for 1995 kr. 1.140,-.

Eigendel som overstig minstetakst for rutegående transport kan også førast på kortet/refunderast når du har frikort sjølv om beløpet ikkje overstig kr. 90,- tur/retur.

Minstetakst pr.idag er kr. 14,- for vaksen, kr. 7,- for born og kr. 8,- for honnørbillett.

### **BRUK AV EIGEN BIL OG EKSTRASKYSS.**

Du får ei godtgjersle på kr. 1,40 pr.km ved bruk av eigen bil i samanheng med slike reiser.

Ved øyeblikkelig hjelp dekkast dei nødvendige utgifter.

### **DROSJE.**

Hvis du av medisinske grunnar må ha drosje, for at du ikkje kan reisa på anna måte, må legen din skriva ut ein rekvisisjon til deg som du leverer til drosjesjåføren. Du vil då berre bli krevd for eigendelen på inntil kr. 90,- tur/retur.

Drosjesjåføren skal enten kvittera for eigendelen i kortet ditt eller gi deg ein kvittering på beløpet som trygdekontoret kan overføra til kortet.

### **LEDSAGAR.**

Hvis pasienten er barn eller på grunn av sin helsetilstand trenger følge under reisa, får ledsagaren dekkast utgifter til reis og opphald.

Nødvendig ledsagar kan få erstatta dokumentert tapt arbeidsinntekt med inntil kr. 66,- pr. time. Hvis ledsagar ikkje er nær pårørende og ikkje tapar arbeidsinntekt, kan han eller ho likevel få ei mindre godtgjersle på kr. 12,- pr. time


### **KOST OG LOSJI.**

Du får kostgodtgjersle hvis den effektive fråværstida frå heimen overstig 12 timar. Godtgjersla er for tida kr. 117,- pr. time.

Utgifter til losji dekkast mot kvittering med inntil kr. 163,- pr. døgn hvis overnattinga har funne sted på hotell, pensjonat gjerstgiveri el.l. Hvis du ikkje har kvittering gis det losjigodtgjersle på kr. 20,- pr. døgn. Hvis opphaldet varer seks døgn eller meir samanhengande der undersøkinga eller behandlinga foregår er det spesielle reglar for dette.


**NB. IFØLGE LOVEN KAN IKKJE UTGIFTENE DEKKAST HVIS DET HAR  
GÅTT MEIR ENN SEKS MÅNADER ETTER AT KRAVET KUNNE FORE SATT  
FRAM.**

# VELKOMMEN TIL BIBLIOTEKET



Biblioteket vil ein gong i mars starta opp med utlån på data. Alle lånarane vil då få eigne lånekort som ein må ta med om ein skal låna bøker, tidsskrifter o.l.

Lånetida for bøker er 4 veker og for tidsskrifter 1 veke. Prøv å halda fristen for innlevering då det etter oppstart vil bli automatiske purringar. Dersom du ikkje er ferdig med boka og ingen andre ventar på henne, er det berre å koma innom biblioteket å fornya lånetida.



## Opningstider

Tirsdag 10.00 - 13.30

Onsdag 16.00 - 19.00

Torsdag 10.00 - 13.30





**BOKN KOMMUNE**  
KULTURKONTORET  
4290 BOKN  
TLF 52 74 85 00  
FAX 52 74 86 77

# FRIGJERINGSJUBILÈET

Arbeidsgruppa for dette jubiléet er godt i gang med planlegginga av denne hendinga. M.a. skal der vera ei utstilling på skulen, og i samband med denne oppfordrar arbeidsgruppa boknarar til å koma med ting og utstyr frå krigsåra. Gjenstandane blir sjølv sagt leverte tilbake etter utstillinga dersom dette er ynskjeleg.

Dette kan vera rasjoneringskort, grensepass, våpen, klær, matoppskrifter eller andre ting som ein veit blei nytta eller måtte bruka i krigsåra.

Ta kontakt med Jardar på kulturkontoret dersom du har noko frå krigen som du meiner er av interesse for ei slik utstilling.

# BYGDAREVYEN 1995

Bokn Brass m/venner kan 24. mars ynskja velkomen til premiere på bygdarevyen 1995, og denne gong heiter revyen "Sålsen blei det".

Ensemblet på 36 stk. inkludert tekstforfattarar har jobba med revyen ei stund nå. Alt er i rute, og alle ser fram til å få framføra han for publikum.




Forutan premieren 24. mars blir det også forestilling 25. mars. Dersom billettsalet går fort unna, legg me seinare ut billettar til ekstraforestilling 26. mars. Forestillingane byrjar kl. 20.00.

## BILLETTSAL

Som før forrige revy blir billettar lagt ut hos Steinar Alvestad og på Bokn Handelslag. Dette skjer 6. mars, så vil du sikra deg billett er det tryggast å kjøpa med ein gong. Billettprisen har heller ikkje stige sidan 1991. Det kostar 100 kr. å få med seg "Sålsen blei det".

Og revyen handlar om.....ja, det er berre ein måte å finna det ut på! Kom og sjå og høyr kva Bokn Brass m/venner har funne på denne gong!

- kulturleiaren -



**BOKN KOMMUNE**  
KULTURKONTORET  
4290 BOKN  
TLF 52 74 85 00  
FAX 52 74 86 77

## FOTOKOPIERINGA TIL BYGDEBOKA


Ein del bileter frå fotokopieringa hausten 1994 mangla tilvekstnummer då me fekk dei frå Statsarkivet i Stavanger, og Målfrid Kro Trosnavåg og Solveig Ellingsen frå bygdeboknemnda har gjort ein strålende jobb med å finna fram til personane på bileta samt eigaren av fotografia.

Men det er 4 bileter att som ikkje er gjenkjende:

1.



2.



3.



4.



10 Me vil vita kven som kom med desse bileta og kven me ser på fotografia.

**TA KONTAKT MED KULTURKONTORET DERSOM DU VEIT  
DETTE.**



**BOKN KOMMUNE**  
KULTURKONTORET  
4290 BOKN  
TLF 52 74 85 00  
FAX 52 74 86 77

## **FYLKESMUSIKARANE TIL BOKN MED KONSERTEN "VARMENDE TONER"**

**GYM.SALEN ONSDAG DEN  
15.03 KL. 19.30**

Konserten fylkesmusikarane kjem med denne gong, går inn i rekka av dei mange kulturelle aktivitetane i mars. Sjølv om me har både bingoar, dans og revy i mars, vil eg sterkt oppfordra boknarar til å koma på denne konserten.

Fylkesmusikarane hadde før om åra ofte eit repertoar der ikkje alt appellerte til publikum. Kritikken har dei siste åra ført til eit anna repertoarval.

Konsertprogrammet fortel om mykje variert musikk. Her er musikk av Per Egil Hovland, Kjetil Bjørnstad, Beethoven, Gerchwin, Bernstein, Rachmaninov, Joplin, Handel og Telemann for å nemna noko.

Konserten, som med kaffi/te-pause varer ca. 1,5 timar, vil ha ei uformell ramme med publikum rundt bord med dempa belysning. I pausen koser me oss med både lappar, natronskaker og lefser - laga av folk frå tradisjonsmatlaginga.

Entrè kr. 30,-

**HJARTELEG VELKOMEN!**

- kulturleiararen -

## **FOLKETELLING 1801 FOR ROGALAND**

Rogaland Historie- og Ættesogelag har nyleg gitt ut boka "Folketelling 1801 for Rogaland". Bokn kulturstyre har støtta denne utgjevinga økonomisk. Boka er nå i samlinga til biblioteket, og kan lånast av interesserte boknarar.

Det var 452 stk. i Bokn i 1801. Ei fullstendig oversikt over personar og kva gard dei høyrde til er omtala over 4 sider i boka.

## **KULTURPRIS**

Bokn kulturstyre ber om forslag på kandidat(ar) til ein kulturpris.

Prisen skal vera ei påskjøning til ein person, lag eller andre som har utført eit særleg verdfullt arbeid på kulturområdet eller i nærmiljøet i Bokn kommune.

Det var Eivind Øvrebø som fekk prisen i 1993.

Send, ring eller kom innom kulturkontoret med forslag. Frist: 28.4.

- kulturleiararen -

BOKN DISKOTEK ynskjer 2 nye styremedlemmer over 18 år.  
Kontakt Bjørn - 52 72 32 96.

# SUNNALANDSSTRAUMEN

## DEL 3

*KURT HVEDING ER TIDLEGARE STATSLOS OG ER INTERESSERT I HISTORIE. I DIVERSE GAMLE ARKIV HAR HAN FUNNE INTERESSANTE HISTORISKE OPPLYSNINGAR OM HAMNEUTBYGGING I BOKN.*

*Som ventet, reagerte herredstyret både på fiskeriforeningens og Leegaards uttalelser. I formannskapsmøte den 29. april 1916 ble det nok en gang slått fast at rekkefølgen av havnene var som bestemt den 28. november 1914 og bekreftet den 20. august 1915. Ordfører J. Hogneland skriver i et tilleggsskrift til Havnedirektøren at Sunnalslandsstraumen er «det mest paakrævede og beriktigede anlæg i herredet». Han mener Leegaards forslag om Lauplandsvåg som nr.1 skyldes for lite kjennskap til de virkelige forhold. Om Bokn fiskeriforenings brev fra september 1915, sier han at han selv og flere av herredstyrets medlemmer også er medlemmer av fiskeriforeningen. Men de var ikke innkalt til møtet, det var bare de som var interessert i Lauplandsvåg og Vågevåg. Videre viser han til at de få selvinteresserte ikke hadde så mange med seg. Ordføreren mente at den overveiende del av Bokns befolkning var enig i at Sunnalslandsstraumen ble tatt først. Mine kilder har nå ingen ting om disse havnene før i 1922, men det er god grunn til å tro at saken hele tiden har vært diskusjonstema i Bokn. Den 29. mars 1922 meddelte distriktsingeniør Leegaard havnedirektøren at Sunnalslandsstraumen ville koste*

*kr. 546.000,-, hvorav kr. 157.000,- ville gå til mudring som neppe kunne komme før i 1926-27. Det var grunne fjellpartier i begge ender som måtte sprenges. Dette var en Svær økning i kostnadene - hva kunne årsaken være? Under krigen 1914-18 steg prisene på varer og tjenester formidabelt, og stigningen fortsatte de første årene etter krigen. Riktignok var arbeidsløsheten stor da Leegaard la fram kostnadsoverslagene, men lønningene ble ikke redusert før etter voldgiftsdommen i 1922. Den reduksjonen kom derfor ikke med i overslagene. Men den største prisøkningen kom trolig fra utvidelsen av de opprinnelege planene for Sunnalslandsstraumen. Man ønsket nå at lokaldampskipet skulle gå til kai i Sunnaland. Tidligere hadde skipet stoppet på Gønnestadvågen. For å få skipet inn til Sunnaland måtte Gjeithillarsundet utdypes til -5,0 m med bibehold av 15 m bunnbredde. Dette krevde svære fjellsprengninger og et stort og et mudderapparat. Dampskipet gikk i rute Stavanger - Kvitsøy - Skudeneshavn - Haugesund. (Det var antakelig gamle «Kvitsøy»). Det var også tale om eget post- og telegrafbygg på Sunnaland, noe Leegaard frarådet. At man ønsket dampskipet inn til kai er forståelig.*


## ***INNBROT PÅ LEGEKONTORET***

Natt til den 14. februar var det innbrot på tannlege- og legekontoet i Boknatun. Innbrotstjuvane vart oppdaga, og dei rømde ut gjennom det vindauga som dei tok seg inn i. Det vart brote sund vindauga, dør, og noko innventar. Det forsvann m.a. sprøyter og sprøytespissar.

## ***RETTELSE AV KONTINGENT - BOKN IDRETTSLAG***

Dei utsende bankgiroane har forhåndstrykk på kr. 50,- . Dette er feil for mange. Når t.d. eit barn går på fotball, skal det betalast til saman kr. 100,-. Medlemskontingenten er i eit slikt tilfelle kr. 50,- + kr. 50,- for den aktiviteten barnet er med på. Skriv på rett sum sjølv.

**3+**  
*Sparekonto*



### **Høyrente pluss bonus**

SR-BANK tilbyr 3 + Sparekonto. En meget lønnsom og velegnet sparekonto for langsiktige spareformål.

Pengegaver kan f. eks. plasseres på denne kontoen.

3 + Sparekonto gir samme rente som det SR-Høyrentekonto starter på, pluss voksende bonus for hvert 3. år.

Kom innom så får du vite mer om vårt lønsomme sparetilbud.



**Rogaland historie og ættesogelag skal ha årsmøte på Steinar sitt sjøhus laurdag den 25. mars kl. 11.30. Det er fyrste gong dei har årsmøte utanfor Stavanger, og alle medlemene deira i Bokn er spesielt vekkorne.**  
**Ådne Utvik kaserer.**

Dobbel kokeplate + kjøleskap ønskes kjøpt.  
Tlf. 52 74 84 83

### **Førebels puljeinndeling fotball:**

#### **Lillegutt:**

##### Avdeling 18

Bokn 11/12 år  
Førland 11/12 år  
Skjold 11/12 år  
Skånevik 1 11/12 år  
Skånevik 2 11/12 år  
Vats 94 11/12 år  
Vindafjord 1 11/12 år  
Vindafjord 2 11/12 år

#### **Smågutt:**

##### Avdeling 6

Avaldsnes  
Bokn 13/14 år  
Ferkingsstad 13/14  
Skjold 13/14 år  
Skjoldar 13/14 år  
Stegaberg  
Torvastad 2 13/14  
Vedavåg

### **PLASTFAT**

De som innehar plastfat etter levering av smørbrød fra Arskroen - vennligst returner disse tilbake.

Finn.



**BOKN KOMMUNE**  
**SKULEKONTORET**

### **Bokn barnehage**

Søknad om plass barnehageåret 1995/96.

Søknadsskjema får ein i barnehagen eller på skulekontoret, tlf.52748500

Søknadsfrist: 20.03.95

### **RETNING AV KONTINGENT**

#### **BOKN IDRETTSLAG:**

**Forhåndstrykk på kr. 50,- er feil for mange. Skriv på den rette kontingenten sjølv.**

**BIL**

## **SOMMAROPE I BARNEHAGEN?**

I siste møte i skulestyret var det oppe ei sak om sommarope i barnehagen. Grunnen til at saka kom opp var at styret for barnehagen har kome med ynskje om sommarope. Spørjeskjema har vore ute for å undersøkje om det er mange som ynskjer dette, og det viser seg at det er nokon som har behov for det. Ikkje alle har ferie i juli månad, og har då behov for ein stad der barna kan ha ein trygg stad å vera.

Den formuleringa som samrøystes vart vedtatt i skulestyret gjekk ut på at ein ber administrasjonen leggja til rette barnehagetilbod i juli månad for dei som treng det. Barna skal likevel i løpet av eit barnehageår ha 4 veker ferie. Vidare foreslår skulestyret at årleg betaling ikkje skal endrast. Skulestyret ber også om å bli orientert dersom tiltaket ikkje kan gjennomførast utan auke i utgiftene.

### **TAKK**

Hjarteleg takk for all deltaking, krans og blomsterhelsingar til vår kjære Jens Are sin begravelse.

Takk også til betjening ved Bokn sjukestova for god pleie. Og takk for pengegåva som går til Bokn sjukestova.

*Familien*

### **UTLEID EIENDOM PÅ BOKN**

Tidligere bank- og kommunehus i Føresvik er for salg. Bud ønskes.

Henv:

SR-EIENDOM A/S

v/Liv Mykland

Tlf. 51 50 90 98



Takk til alle som hugsa meg på 75 års dagen min.

*helsing Østen*

### **ØNSKES KJØPT**

Sprinkelseng eller lekegrind

Tlf. 52 74 83 30

### **BOLIG TIL SALGS**

To deler av helt ny vertikaldelt tomannsbolig til salgs i Føresvik. Hver enhet har 112 m<sup>2</sup> boflate og har stue, kjøk., 3 sover., 2 bad, loftsstue og boder. Livsløpsstandard Husbankfinansiering. Henv. tlf. 946 10099

### **HÅRFIXEN**

*Åpningstider:*

*Mandager: 09.00 - 17.30*

*Tirsdager: 09.00 - 16.00*

*Torsdager: 09.00 - 14.00*

*Fredager: 09.00 - 16.00*

*Lørdagsåpent ved dans/bryllup*

*Hilsen Mona*

### **SWING OG GAMALDANSKURS**

*Me lærer swing, reinlender, vals, polka. Stad: Bokn skule*

*Fredag den 10.mars kl.19-22*

*Lørdag den 11.mars kl.13.30-16.30*

*Instruktør: Anne Jorunn Sjurseth*

*Påmelding innen 07.03. i*

*tlf. 52 74 85 33 eller 52 74 85 66.*

**SWINGKLUBBEN**

## **BOKN BYGDABLAD**

### **UTGJEVAR:**

Bokn kommune,

4290 Bokn, tlf. 52 74 85 00

fax 52 74 86 90

Postgirokonto 0806 5 68 45 01

Bankgirokonto 3373 07 00305

**BYGDABLADNEMND:**

Ingunn Våge, Arvid K. Jøsang,

Liv Vatnaland

**REDAKTØR:** Reidar Alvestad

### **ABONNEMENT:**

Gratis til alle husstandar i Bokn

Utanbygds: kr. 100,- pr. år

**ANNONSEPRISAR:**

Heilside: kr. 400,-

Halv side: kr. 150,-

¼ side: kr. 75,-      1/8 side: kr. 50,-

Små privatannonser: KR. 10,-

**FRIST FOR STOFF:**

Den 20. i kvar mnd.      10 nr. årleg.

## ARRANGEMENT:

- 01.03: BINGO kl.19.Arr: Bokn I.L.  
01.03-  
05.03: Møter på Bokn bedehus. Arr:  
Indre sjømannsmisj.  
09.03: Hagelagsmøte på Allrommet  
kl. 19.00. Tema: «Roser» med  
Idar Jansen. Utlodn. - kaffi.  
11.03: Dans - Bokn skule. Arr: Bokn  
Diskotek  
12.03: Årsmøte - Bokn Bedehus  
15.03: Konsert - Fylkesmusikarane-  
kl. 1930 - Bokn skule  
21.03: Møte Bokn bedehus -  
Israelmisjonen  
24.03: Bygdarevy - arr: Bokn Brass  
25.03: Bygdarevy - arr: Bokn Brass  
28.03-  
31.03: Møter på Bokn bedehus. Arr:  
Misjonssambandet  
29.03: BINGO.Arr: Bokn skulekorps

### **TIL MEDLEMMENE I BOKN SANITETSFORENING**

Me blir i år pålagde å auka  
årskontingenten p.g.a. auka andel til  
hovudorganisasjonen. Dette blir det  
informert nærare om på årsmøtet, og  
den nye kontingenten blir då fastsett.  
Årsmøtet blir på Allrommet 10.mars.  
**Helsing styret**



- 05.03. Kl.19.00. Gudsteneste  
v/Helge Gaard. Offer til  
Indre Sjømannsmisjon.*  
*19.03. Kl.11.00. Gudsteneste  
v/Westen. Offer til  
Indremisjonen.*  
*02.04. Kl. 11.00. Gudsteneste  
v/ Helge Gaard. Speidarane  
deltak. Nattverd. Offer til  
Haugaland krets av  
KFUK/KFUM*

### **LENSMANN**

*Første fredag i kvar mnd.  
kl. 10 - 12 i Boknatun*

### **LANDBRUKSKONTORET**

*Kvar fredag kontordag i Boknatun*

### **FOTPLEIE**

*Onsdag den 8.mars  
Påmelding til sosialkontoret i  
tlf. 52 74 85 00*